



Alver kommune Plan og byggesak
plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: ec743328-cf96-48f9-
b815-0e1b997f63f5
Vår: 23/2848 - 23/32338

Saksbehandlar:

Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

28.04.2023

Uttale frå landbruk til søknad om oppføring av garasje/reiskapshus- gbnr 35/10 Nævdal

Gbnr 35/10 er ein liten skogsteig registrert med 26,3 daa produktiv skog. Det som kjem fram av søknaden er at søkjar nyttar teigen som vedaskog og har trong for å ha eit bygg til traktor, motorsag m.m. Dette er eit reelt behov for det vil vera vanskeleg å driva ein slik teig utan noko maskinelt utstyr.

Sjølv om ikkje omfanget er stort nok til å betegnast som næringsdrift er det positivt at søkjar nyttar og steller skogeigen sin. I høve til arealbruken ligg det allereie eit bygg der og det vil ikkje ha negative konsekvensar for LNF-føremålet at dette vert rive og bygd nytt. Bygget skal ligga like ved vegen og inntil eksisterande bustadtomt så det er ikkje eit urørt naturområde. Det er ikkje registrert spesielle naturtypar eller kulturminne som kan verta råka.

Landbruksavdelinga vil rå til at det vert gitt dispensasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG